



**SUND KOMMUNE**

Kultur

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Sakshands.: LAK      Vår ref.: 16/110-79      Dykkar ref.:      Dato: 29.12.2017**  
**Direktetlf.: 56327521      Arkiv: 101**

### **Søknad om tilskot til verna kulturminne**

Naustforeninga i Sund søkjer om tilskot frå fylkeskommunen på kr 25.000 på å fullføra restaureringsarbeidet på Monsabua. Dei har tidlegare mottatt kr 38.000 i tilskot frå Kulturminnefondet, men det står ein god del arbeid att. Naustforeninga bidrar med finansiering og dugnadsinnsats.

- Sund kommune krev ikkje eigendomsskatt for bygningen.
- Framdriftsplanen er god.
- Sogelaget arbeider med å få ei veneforening for Monsabua.
- Det er stor interesse for tiltaket lokalt. Gjennom bruk og formidling har tiltaket potensiale til å ha regional interesse.
- Sund har kulturminneplan. I handlingsplanen står det at det skal gjevast støtte og rettleiing til private eigarar.
- Sogelaget medverkar til å følgja opp med registreringar og dokumentasjon.

Sund kommune støttar søknaden og er trygg på at arbeidet vert fullført etter oppsett plan.

Med venleg helsing

Laila Klemetsaune  
leiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*